

## Haram vidaregåande skule

### BRUKARMEDVERKNAD / MEDRÅDERETT 2007/2008 - INFO

Gjennom lover, regelverk, avtaleverk etc. er elevar og tilsette sikra ein høg grad av brukarmedverknad og medråderett. Dessutan kan skuleeigar/skulen sjølv opprette råd, utval o.l. som ein finn det er behov for. Utdrag frå lover, føresegnar og reglement er sett opp nedanfor. Dette er og lagt ut på [haram.vgs.no](http://haram.vgs.no). Meir utfyllande informasjon om lover etc., finn ein m.a. på internett (lovdata.no, arbeidstilsynet.no).

#### SKULEUTVALET

Oppl.lov kap.11. Organ for brukarmedverknad i skolen.

#### § 11-5 Skuleutval ved vidaregåande skolar

Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit skuleutval med representantar for dei tilsette og fylkeskommunen og to representantar valde av elevrådet. Rektor ved skolen skal vere representant for fylkeskommunen.

Skuleutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.

Inga av gruppene elevar eller tilsette kan ha fleirtal i styret aleine.

Rektor har rett til å møte, tale og komme med framlegg.

**Fylkestingsvedtak sak T-90/02:** Skuleutvalet bør vere pådrivar i utvikling av den vidaregåande skulen i lokalsamfunnet. Både brukarar og folk frå samfunns- og næringsliv må engasjerast i skulen, slik at skulen kan vere ein del av fylkeskommunen si rolla som regional utviklingsaktør.

#### Samansetting

Elevar	2 rep.
Tilsette (drifts- og ped. personale)	1 ”
Rektor, repr. for fylkeskommunen	1 ”
Føresette (til elevar på Vg1)	1 ”
Lokale samfunnsinteresser	2 ”
Sum	<u>7 rep.</u>

Skuleutvalet vel sjølv leiar, nestleiar og sekretær.

#### Funksjonstid

Representantane for elevar og føresette, med vara, blir valde for 1 skuleår om gongen. Skuleeigar oppnemner representantar for lokale samfunnsinteresse, etter forslag frå rektor. Dei øvrige medlemmene bli oppnemnde for 2 år.

#### Ansvarområda

- Oppfølging av kvalitetsarbeidet ved skulen (prosess, innhald og resultat) gjennom til dømes brukarundersøkingar og kartlegging av læringsmiljøet
- Godkjenning av mål- og tiltaksplan og årsmelding
- Initiering av utviklingsarbeid

#### Uttalerett om

- Mindre investeringar i tråd med fylkestinget sine vedtak om økonomiske rammer
- Disponering av driftsbudsjett
- Justering av skulen sin organisasjonsmodell
- Tilbodstrukturen ved skulen – skulebruksplanen

#### Møte

- Skuleutvalet skal ha minst tre møte i året.

#### ELEVRÅDET

Opplæringslova kap. 11. Organ for brukarmedverknad i skolen:

#### § 11-6 Elevråd og allmøte ved vidaregåande skolar

Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit elevråd med minst ein medlem for kvar tjuande elev. Elevrådet blir valt ved skriftleg røysting.

Elevrådet skal blant anna arbeide for læringsmiljøet, arbeidsforholda og velferdsinteressene til elevane.

Dersom elevrådet eller ein femdel av elevane ønskjer det, skal det haldast allmøte for elevane på skolen. Elevrådet er bunde av vedtak i allmøte i saker som er nemnde i innkallinga til møtet når meir enn halvparten av elevane på skolen er til stades og røystar.

**Skulen ønskjer at** elevrådet arbeider med arbeidstilhøve, trivsel og velferdstiltak blant elevane. Elevrådet er rådgjevande organ for skuleutval, skulemiljøutval og rektor. Det kan drøfte saker frå andre organ ved skulen eller det kan ta opp saker på eige initiativ. Viktige saker kan leggjast fram for elevane i allmøte eller til uravrøysting.

Elevrådet er samansett av kontaktgruppene sine tillitselevar. Etter at kontaktgruppene har valt tillitselevar i starten av skuleåret, kallar elevrådsleiar frå førre skuleår (evt. skuleleiinga) inn elevrådet, dvs. alle tillitselevar. Dei vel eit **elevrådsstyre** med 5 representantar, eller det talet som elevrådet bestemmer.

Elevrådsstyret vel sjølv leiar, nestleiar og sekretær.

Elevrådet kan opprette andre utval eller råd. Desse er underlagt elevrådet, men handlar sjølvstendig når valet/opptnemninga av styremedlemmar er gjort.

Elevlar kan bli representantar i elevorganisasjonar. Det er elevane som bestemmer om dei skal melde seg inn ein elevorganisasjon og kva for organisasjon dei vil melde seg inn i.

### ARBEIDSMILJØUTVALET

Arbeidsmiljølova §23 (1-4): Pkt. 1. I virksomhet hvor det jevnlig sysselsettes minst 50 arbeidstakere, skal det være arbeidsmiljøutvalg, der arbeidsgiveren, arbeidstakerne og verne- og helsepersonalet er representert. Arbeidsmiljøutvalg skal opprettes også i virksomhet med mellom 20 og 50 arbeidstakere, når en av partene ved virksomheten krever det. Pkt. 3. Arbeidsgiveren og arbeidstakerne skal ha like mange representanter i utvalget. Lederen for utvalget velges vekselvis av arbeidsgiverens og arbeidstakernes representanter.

Arbeidsmiljølova, føresegner §6 (1-9): Pkt. 2. Arbeidsgiveren peker ut sine representanter i utvalget. Pkt. 3 (Hoved)verneombudet skal være arbeidstakernes representanter i utvalget og ha stemmerett. Arbeidstakerne velger sine øvrige representanter ved flertalsvalg. Pkt. 7. Medlemmene i arbeidsmiljøutvalget skal ha stedfortredere.

### Samansetting ved Haram vgs

Arbeidsgjevarsida (rektor/skuleleiinga)	2 rep.
Arbeidstakarsida	2 ”
Sum	<u>4 rep.</u>

### Funksjonstid

Representantane med vara blir valde/utpeika for 2 år om gongen. Jfr. Arbeidsmiljølova, føresegner §8.

### Oppgåver

Arbeidsmiljølova §24 (1-6): Pkt. 1. Arbeidsmiljøutvalget skal virke for gjennomføring av eit fullt forsvareleg arbeidsmiljø i virksomheten. Utvalget skal delta i planleggingen av verne- og miljøarbeidet, og nøye følge utviklingen i spørsmål som angår arbeidstakernes sikkerhet, helse og velferd.

### Møte

Arbeidsmiljølova, føresegner §10: 1. avs. Arbeidsmiljøutvalget fastsetter selv hvor ofte det skal holde møter. Det skal normalt holdes 4 møter pr. år. Dersom minst to utvalgsmedlemmer krever det, skal arbeidsmiljøutvalet holde møte.

### SKULEMILJØUTVALET

Oppl.ova kap. 11. Organ for brukarmedverknad i skolen og kap. 9a. Elevane sitt skolemiljø.

### § 11-5a Skolemiljøutval ved vidaregåande skolar

Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, dei tilsette, skuleleiinga og fylkeskommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane er i fleirtal.

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette og elevane tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. Oppl.ova kapittel 9a.

### Samansetting

Elevlar	4 rep.
Tilsette (drifts- og ped. personale)	1 ”
Skuleleiinga	1 ”
Rektor, repr. for fylkeskommunen	1 ”
Sum	<u>7 rep.</u>

### §9a-1 Generelle krav

Alle elevlar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

### § 9a-2 Det fysiske miljøet

Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevlar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreia slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

### § 9a-3 Det psykososiale miljøet

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande

snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

#### § 9a-4 Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

#### § 9a-5 Elevdeltaking i skolemiljøarbeidet

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Elevrådet kan nemne opp skolemiljørepresentantar til å vareta elevane sine interesser overfor skolen og myndighetene i saker som har med skolemiljøet å gjere. Skolemiljørepresentantane deltek i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske helse-, miljø- og tryggingarbeidet ved skolen i den grad det vedkjem skolemiljøet for elevane.

Elevane kan møte med inntil to skolemiljørepresentantar i arbeidsmiljøutvalet der eit slikt er oppretta ved skolen i samsvar Arbeidsmiljølova kap. 7, når dette behandlar spørsmål som vedkjem skolemiljøet for elevane. Skolemiljørepresentantane har da talerrett og rett til å få meininga si protokollert. Skolemiljørepresentantane skal ikkje vere til stades når utvalet behandlar saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter.

Skolemiljørepresentantane har rett til den informasjon som trengst for oppdraget, så langt informasjonen ikkje er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter.

Skolemiljørepresentantane har rett til den opplæring og det fritak frå undervisningstimar som trengst for å skjømte oppgåvene.

#### § 9a-6 Informasjonsplikt og uttalerett

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løp-

ande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skolemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skolemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skolemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

#### § 9a-7 Straff

Med bøter eller fengsel i inntil 3 månader eller begge delar blir den straffa som forsettleg eller aktaust bryt krava i dette kapitlet eller i forskrifter gitt i medhald av det. Medverknad blir straffa på same måten.

#### TILSETTINGSUTVALET

Tilsettingsreglementet for Møre og Romsdal fylke:

Pkt. 3.2.1: Det skal vere tilsettingsutval ved alle fylkeskommunale skular.

Pkt. 3.2.2: Tilsettingsutvalet skal vere samansett av 3 medlemmer. 2 av medlemmene skal vere arbeidsgjevarrepresentantar. 1 skal representere arbeidstakarane. Den eine arbeidsgjevarrepresentanten skal vere leiar av utvalet.

Pkt. 3.2.3: Arbeidstakarorganisasjonane på arbeidstaden avgjer om arbeidstakarrepresentanten skal vere fast eller veksle alt etter kva for arbeidstakargrupper tilsettinga gjeld. Arbeidstakarorganisasjonane peiker sjølv ut sin representant.

#### Samansetting

Arbeidsgjevar (rektor/skoleleiinga)	2 rep.
Tilsette	1 "
Sum	<u>3 rep.</u>

#### Møte

Tilsettingsreglementet for MR fylke: Pkt. 3.2.4: Tilsettinga skal gjerast i eigne møte og alle medlemmene må vere til stades for at utvalet skal vere vedtaksført.

**VERNEOMBOD**

Arbeidsmiljølova §25 (1-4): Pkt. 1. Ved hver virksomhet som går inn under loven, skal det velges verneombud.

**Oppgaver**

Arbeidsmiljølova §26 (1-7): Pkt. 1. Verneombudet skal ivareta arbeidstakernes interesser i saker som angår arbeidsmiljøet. Verneombudet skal se til at virksomheten er innrettet og vedlikeholdt, og at arbeidet blir utført på en slik måte at hensynet til arbeidstakernes sikkerhet og velferd er ivaretatt i samsvar med bestemmelsene i denne lov.

Arbeidsmiljølova, føresegner §6 (1-9): Pkt. 3. Verneombudet skal være arbeidstakernes representant i (arbeidsmiljø)utvalget og ha stemmerett.

**Val/oppnemning**

Arbeidsmiljølova, føresegner §2: Pkt. 3. På verneområder hvor en lokal fagforening alene flertallet av arbeidstakerne, kan fagforeningen utpeke verneombudet. På verneområder hvor flere lokal fagforeninger, men hvor ingen av dem organiserer flertallet alene, kan de i fellesskap utpeke verneombudet. Pkt. 4. Ellers velges verneombudene ved flertallsvalg.

**Samansetting**

Arbeidsgjevarsida	2 rep.
Arbeidstakarsida	2 "
Sum	<u>3 rep.</u>

**Funksjonstid**

Arbeidsmiljølova, føresegner §3: Verneombudene (med vara) velges for to år av gangen.